

# **Styresak**

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 04.09.2017  
Sakhandsamar: **Halfdan Brandtzæg/Børge Tvedt**  
Saka gjeld: **Budsjettoppfølging 2017**

**Arkivsak**  
2016/3999  
**Styresak 067/2017**

---

**Styremøte 12.09.2017**

## **Framlegg til vedtak**

1. Styret ber administrerande direktør halde fram arbeidet med omstilling og utvikling som sikrar at føretaket får ei økonomisk forsvarleg drift og investeringsevne.
2. Styret føreset at det vert arbeidd med å redusere kostnader så langt som råd i inneverande år.
3. Administrasjonen må planlegge for eit driftsnivå for 2018 så nær mogeleg dei føresetnadene som tidlegare er lagt i langtidsbudsjett, og som tek høgde for naudsynt investeringsevne.
4. Styret ber administrerande direktør gjere ei ny vurdering av investeringsplan i langtidsbudsjettet utifrå driftsøkonomien.
5. Endringsarbeidet skal ha eit langsiktig fokus, på forsvarleg vis skjerme prioriterte område og skje innanfor skisserte linjer for utviklingsarbeidet med Pasientens helseteneste.

## **Oppsummering**

Viser til tidlegare vedtak om budsjettoppfølging i 2017, sak 019/2017 av 24.03.17 og sak 058/20171 av 30.06.17.

Den økonomiske situasjonen i Helse Førde har blitt forverra dei siste månadene, trass i at det aktivt har vore arbeidd med å finne tiltak for å kutte kostnadene. Ved utgangen av august er prognosene samla 45 millionar kroner bak budsjett. Dette inkluderer effekt av identifiserte tiltak.

Situasjonen tilseier at det vil bli svært krevjande å innfri resultatkrav som føresett i langtidsbudsjettet, noko som er ein føresetnad for investeringsporteføljen. Det er på denne bakgrunn behov for å setje i gang eit omfattande og langsiktig omstillingsarbeid, for å få drifta ned på eit berekraftig nivå og sikre at føretaket kan handtere naudsynte, planlagde investeringar.

Det er viktig at endringane skjer innanfor dei linjene som er trekte opp i verksemdsmessig utviklingsplan, og dei tiltaka som vert skisserte i utviklingsarbeidet Pasientens helseteneste. For å utvikle tenestene og realisere planlagde investeringar, er det naudsynt at vi lukkast med dette arbeidet.

Administrasjonen vurderer likevel at det er viktig at ein i denne situasjonen ikkje gjer forhasta tiltak som utilsikta reduserer evna til å levere rette helsetenester til befolkninga i Sogn og Fjordane på sikt. Medverknad frå heile organisasjonen; leiarar, medarbeidarar, tillitsvalde og verneteneste vil vere avgjerande for å lukkast med det føreståande omstillingsarbeidet.

## **Bakgrunn**

Samla prognose frå dei fire klinikkkane er ved utgangen av august om lag 45 millionar årlegare enn budsjett. Ein konservativ prognose for rekneskapsresultatet i 2017 er negativt avvik på 25 millionar, medan budsjettet la opp til 15 millionar kroner i plussresultat som skulle sikre naudsynt investeringsevne. Det negative avviket gjeld dei to somatiske klinikkkane, medan psykisk helsevern og stab og støtte vil levere eit positivt avvik inneverande år.

Administrerande direktør har framskunda prosessen med å lage ny prognose for året på grunn av den vanskelege situasjonen. Som oppfølging av styresak «058/17 Budsjettoppf. 17.» har klinikkkane fått nye rammer. Tidleg i haust har ein sett at det ikkje vil vere realistisk å greie budsjettkravet, og at balanse også blir vanskeleg.

Gjennom sommaren og tidleg haust har det blitt arbeidd med å gjennomføre føreslegne tiltak (jf. styresak 058/17) og nye tiltak som kan løyse utfordringane. Samla tilbakemelding frå klinikkkane gjev mykje lågare forventa innsparing enn naudsynt for å nå økonomisk balanse. Det er identifisert tiltak i dei somatiske klinikkkane som samla vil gje 5 mill. kr. i innsparing i 2017, medan psykisk helsevern og stab og støtte er venta å levere eit overskot på 12 mill. kr.

I budsjettet for 2017 var det lagt inn forventningar om samla innsparingar på om lag 21 mill. kroner som følgje av forventa tenesteutvikling gjennom Pasientens helseteneste. Dette estimatet har synt seg å vere for optimistisk på så kort tid, og har ikkje gitt venta innsparing.

I styresak «058/17 Budsjettoppf. 17» blei det lagt fram fleire nye tiltak som det blir arbeidd med å realisere. Innsparingane av desse tiltaka blir heller ikkje tilstrekkelege til å dekke venta innsparingar i år. Det tek tid å planlegge og gjennomføre. Potensiale for innsparing dei neste åra er til stades, utan at føretaket har greidd å talfeste desse nøyaktig. Linja er i gang med å nytte funna i prosjekta som grunnlag for å planlegge omstilling av drifta, t.d. endra organisering av sengepostane og lågare kostnader til t.d. vaktordningar.

Styret vedtok i juni å samlokalisere ortopedisk og kirurgisk sengepost for å kunne hente ut driftsmessige gevinstar gjennom samordning/samarbeid. Direktør for kirurgisk klinik

vurderer samlokaliseringss prosessen som viktig og nødvendig for gradvis å få til ei drift som er i balanse/økonomisk berekraftig. Tiltaket krev flyttingar og ombyggingar som må planleggast og skje med god involvering undervegs. Av den grunn vil tiltaket ikkje vere gjennomført før ut i 2018.

Nordfjord og Lærdal sjukehus er også pålagt å finne tiltak for å kutte kostnadene. Ved Lærdal sjukehus vil det bli sett i gang eit utviklingsarbeid som også må omfatte vurderte innsparingstiltak, jf. styrevedtak frå 30. juni 2017. Det er per no for tidleg å talfeste resultat av dette arbeidet.

I arbeidet med budsjett 2018 har ein til no funne om lag 30 millionar kroner i innsparing innan somatikken. Dette er ikkje tilstrekkeleg, slik at det må setjast i verk meir omfattande omstillings- og utviklingstiltak som fører til færre årsverk og lågare driftsnivå.

Det vert arbeidd med tiltak for sterkare kontroll/reduksjon av personalkostnader, mellom anna:

- aktivitetsstyrt bemanning
- strengare turnusplanlegging/godkjenningsordning
- redusert bemanning som tilpassing til lågare belegg
- betre utnytting og styring av operasjonskapasitet
- strengare rammebudsjettering til einingane
- styrke oppfølgings- og rådgjevingsressursane til somatikken for å sikre tilstrekkeleg endringskraft.

### Vegen vidare

Dersom Helse Førde skal evne å gjennomføre planlagde investeringar, må personal/driftskostnadene reduserast. Dette arbeidet må gjerast med omsyn til kva tenester føretaket skal leve i framtida, og kva område som er prioriterte og må skjermast. Det vil bli naudsynt med ei omstilling. Føretaket må redusere der etterspurnad/aktivitet går ned (t.d. døgnopphald i somatikken), for å kunne drive betre på område som veks (t. d. poliklinikk og dagbehandling). Ein må også forsøkje og skjerme særleg prioriterte område, som psykisk helsevern/rustenestene, men også tiltak innan somatikken og stab og støtte (forsking og utdanning) i det pågående arbeidet.

Det viktigaste kostnadssparande tiltaket er å redusere personalkostnadene; timar planlagt/vakter/turnus for alle grupper tilsette. Dette arbeidet må få auka tyngde og fokus. Planleggings- og budsjetteringspraksis må endrast og sikre at alle held rammene.

Vi kjem ikkje utanom ein meir fleksibel bruk av personalressursane dersom føretaket skal oppretthalde tilboden til dei pasientgruppene ein har i dag, og der pasientgrunnlaget på nokre område ser ut til å bli redusert.

Helse Førde må ha trykk på omstillingsarbeidet, og evne å sjå moglegheiter for effektivisering, t.d. gjennom å ta i bruk ny teknologi og eksisterande system for å få ut gevinstar.

Helse Førde er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Skisserte tiltak for å redusere drifta må gjennomførast. I tillegg må investeringsporteføljen gjennomgåast og reduserast som del av budsjettarbeidet for 2018. Som følgje av den økonomiske situasjonen vil det bli naudsynt å ta stilling til fordeling, prioritering og dimensjonering av tenestene i og på tvers av klinikkområda.

Det vil bli svært krevjande å innfri dei resultatkrava som er vedtekne i langtidsbudsjettet. Det er uheldig at det vil ta lengre tid enn tidlegare skissert å nå dei økonomiske måla som var føresetnad for planlagde store investeringar i medisinskteknisk utstyr og bygg.

Administrasjonen vurderer at det er viktig at ein i denne situasjonen ikkje gjer forhasta tiltak som utilsikta reduserer evna til å levere rette helsetenester til befolkninga i Sogn og Fjordane på sikt.

Medverknad frå leiarar, tillitsvalde og verneteneste er avgjerande for å lukkast med dette arbeidet.